



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 20.05.2026
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: kl 14.00 - 17.45

Møtedeltakarar	Parti
Gaute Hauge	AP
Torunn Munthe	H
Ståle Halsne	KrF
Anita Husøy Riskedal	SP
Arthur Fjeldheim Egeland	SP
Dagfinn Svadberg Hatløy	SP
Anna Lena Kleppa	SP
Solveig Romsø Øye	SP

Forfall meldt frå følgjande	Parti
Leif Magne Kleppa	H

Følgjande varamedlemmar møtte	Parti
Johannes Soppeland	H

Ugilde: Anna Lena Kleppa	Sak 070/26	Følgjande varamedl. møtte Frode Riskedal	Merknad Kjem kl 15:30
------------------------------------	----------------------	--	---------------------------------

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel
056/26	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
057/26	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
058/26	REFERAT- OG DRØFTINGSSAKER
059/26	KOMMUNEDIREKTØREN ORIENTERER
060/26	Orientering ny ungdomskule - Mai 2026
061/26	Utbetring av vasskapasitet i Hjelmeland sentrum – behov for auka midlar

062/26	Avtale om driftstilskot til Ryfylkemuseet
063/26	Invitasjon til vidare deltaking i Kraffturismeprosjektet på Vestlandet
064/26	Fastsetting av fellingsavgift for hjort - lokal forskrift
065/26	Høyring - søknad om ny konsesjon for uttak av vatn i Hetlandsvatnet
066/26	Nedklassing av kommunale vegar
067/26	Modernisering av eigarskapsstrukturen i Lyse AS
068/26	Vidareføring av unytta investeringsmidlar
069/26	Sal av Eikehaugen 16, tidlegare Fister eldresenter
070/26	Søknad om vidare støtte til prosjekt for kartlegging av næringsareal - New Kaupang
071/26	Årsmelding ungdomsrådet 2025
072/26	Årsmelding og rekneskap 2025 - Uttale frå kontrollutvalet
073/26	Årsmelding og årsrekneskap 2025
074/26	Orienteringssak Folkehelse rapporten løpende oversikt 2026
075/26	Orientering industrikai Årdal - Mai 2026

056/26: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Forslag til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent slik dei ligg føre.

20.05.2026 Formannskapet

Behandling:

Anna Lena Kleppa (SP) vil reise spørsmål om sin habilitet i sak 070/26.

Dagfinn Svadberg Hatløy (SP) vil reise spørsmål om sin habilitet i sak 066/26.

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 056/26 **Vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent slik dei ligg føre.

057/26: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Forslag til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent slik den ligg føre.

20.05.2026 Formannskapet

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 057/26 **Vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent slik han ligg føre.

058/26: REFERAT- OG DRØFTINGSSAKER

Sakene tas til orientering.

20.05.2026 Formannskapet

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 058/26 **Vedtak:**

Sakene tas til orientering.

059/26: KOMMUNEDIREKTØREN ORIENTERER**Forslag til vedtak:**

Saka vert tatt til orientering

20.05.2026 Formannskapet

Behandling:**Kommunedirektøren:**

- Strand, Kvitsøy og Hjelmeland kommunar har vore i møte med Rogaland fylkeskommune om samferdsel m.a. om viktigheita av vegen Kleppa - Viganeset. Blir nytt møte om denne vegen i juni.
- Brannførebyggjar Rolf Arne Olsen orienterte om brannen på Ramsfjell 1. mai-helga

Kommunalsjef Samfunn og næring:

- Næringsliv: Det har vore pågang frå bedrifter som ønskjer å etablera seg i Hjelmeland og etterspørsel etter næringsareal. Me har hatt takstmann på Puntsnes og Jøsneset og fått takstar som er meldt til interessentar. Dette er det interessant for minst ein av næringsaktørane å gå vidare med
- Viganeset kai: Skilt, stige og forlenging av kaikant er bestilt og redningsbøye er på plass

Kommunalsjef Oppvekst:

- Ny styrar i Årdal barnehage: Liva Høines vil vera på plass frå 1. august
- Det kjem 10 nye flyktningar, i tråd med vedtak, i veke 24-25

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 059/26 **Vedtak:**

Saka vert tatt til orientering.

060/26: Orientering ny ungdomskule - Mai 2026**Forslag til vedtak**

Saka vert tatt til orientering

20.05.2026 Formannskapet

Behandling:

Møtet vert lukka jf. off.l. §23 for å svare ut spørsmål frå Hauge (AP) og Soppeland (H). Egeland (SP) ber om ein presentasjon (teikingar el.l.) til kommunestyret som viser planane for uteområdet på den nye ungdomsskulen

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 060/26 **Vedtak:**

Saka vert tatt til orientering.

061/26: Utbetring av vasskapasitet i Hjelmeland sentrum – behov for auka midlar

Forslag til vedtak

1. Formannskapet løyver auka investeringsramme med kr 5 000 000 til prosjektet «Utbetring av vasskapasitet i Hjelmeland sentrum».
2. Samla investeringsramme for prosjektet i 2026 vert justert frå kr 7 500 000 til kr 12 500 000.
3. Auken vert finansiert ved bruk av ubrukte lånemidlar frå 2025.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføra naudsynte budsjettjusteringar innan investeringsrekneskapen knytt til prosjektet «Utbetring av vasskapasitet i Hjelmeland sentrum».

20.05.2026 Formannskapet

Behandling:

Roar Bokn, IVAR IKS, orienterte om grunnlaget for saka.

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 061/26 **Vedtak:**

1. Formannskapet løyver auka investeringsramme med kr 5 000 000 til prosjektet «Utbetring av vasskapasitet i Hjelmeland sentrum».
2. Samla investeringsramme for prosjektet i 2026 vert justert frå kr 7 500 000 til kr 12 500 000.
3. Auken vert finansiert ved bruk av ubrukte lånemidlar frå 2025.

4. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre naudsynte budsjettjusteringar innan investeringsrekneskapen knytt til prosjektet «Utbetring av vasskapasitet i Hjelmeland sentrum».

062/26: Avtale om driftstilskot til Ryfylkemuseet

Forslag til vedtak

1. Formannskapet godkjenner avtalar med Ryfylkemuseet for drift (54.000 kroner) og leige for Vigatunet (96.000 kroner).
2. Hjelmeland kommune betaler Ryfylkemuseet 61.200 kroner for dekking av manglande prisjustering i Viga 2003-2022.
3. Auken i utgifter (111.200 kroner) i 2026 blir finanisert med reduksjon i tilskot til frivillige lag.

20.05.2026 Formannskapet

Behandling:

Endra punkt 3, foreslått av Dagfinn Svadberg Hatløy, Senterpartiet

3. Auken i utgifter (111.200 kroner) i 2026 blir finanisert i budsjettjusteringssaka i juni

Røysting:

Endringsforslag frå Hatløy (SP) vart sett opp mot innstilling frå kommunedirektøren.

Forslag frå Hatløy (SP) (Opprinneleg forslag med nytt pkt 3): Samrøystes vedteke

FSK - 062/26 Vedtak:

1. Formannskapet godkjenner avtalar med Ryfylkemuseet for drift (54.000 kroner) og leige for Vigatunet (96.000 kroner).
2. Hjelmeland kommune betaler Ryfylkemuseet 61.200 kroner for dekking av manglande prisjustering i Viga 2003-2022.

Auken i utgifter (111.200 kroner) i 2026 blir finanisert i budsjettjusteringssaka i juni

063/26: Invitasjon til vidare deltaking i Kraftturismeprosjektet på Vestlandet

Forslag til vedtak

1. Hjelmeland kommune gir ikkje tilskot på kr 50 000 til vidare deltaking i Kraftturismeprosjektet

20.05.2026 Formannskapet

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 063/26 Vedtak:

Hjelmeland kommune gir ikkje tilskot på kr 50 000 til vidare deltaking i Kraftturismeprosjektet.

064/26: Fastsetting av fellingsavgift for hjort - lokal forskrift

Forslag til vedtak

For å fastsette sats for fellingsavgift for hjort, i samsvar med ny viltressurslov som trer i kraft 1. juli 2026, blir følgjande forslag til forskrift lagt ut på høyring:

Forskrift om opning av jakt og fastsetting av minsteareal for hjort og rådyr og fastsetting av fellingsavgift for hjort, Hjelmeland kommune, Rogaland.

Heimel: Fastsett av Hjelmeland kommune [dato] med heimel i lov 20. juni 2025 nr. 102 om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven) § 9 fjerde ledd og § 42 første ledd og forskrift 8. januar 2016 nr. 12 om forvaltning av hjortevilt § 5 og § 6.

§ 1 Opning av jakt

Det er høve til jakt på hjort og rådyr i Hjelmeland kommune.

§ 2 Minsteareal for hjort og rådyr

Minsteareal for godkjenning av vald og fellingsløyve for jakt på hjort og rådyr i Hjelmeland kommune er:

Hjort minsteareal dekar	Rådyr minsteareal dekar
750	500

§ 3 Fellingsavgift for hjort

Fellingsavgift blir kravd inn etter forskrift 15. mai 2011 nr. 537 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 6, jf. viltressurslova § 9 fjerde ledd. Satsar for fellingsavgift blir sett til maksimal sats for fellingsavgift gitt i Stortinget sitt budsjettvedtak.

§ 4 Ikraftsetting

Forskrifta trer i kraft 1. juli 2026, og opphevar frå same tid Forskrift om opning av jakt for hjort og rådyr, og fastsetting av minsteareal, Hjelmeland kommune, Rogaland - FOR-2025-03-18-497

20.05.2026 Formannskapet

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 064/26 **Vedtak:**

For å fastsette sats for fellingsavgift for hjort, i samsvar med ny viltressurslov som trer i kraft 1. juli 2026, blir følgjande forslag til forskrift lagt ut på høyring:

Forskrift om opning av jakt og fastsetting av minsteareal for hjort og rådyr og fastsetting av fellingsavgift for hjort, Hjelmeland kommune, Rogaland.

Heimel: Fastsett av Hjelmeland kommune [dato] med heimel i lov 20. juni 2025 nr. 102 om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven) § 9 fjerde ledd og § 42 første ledd og forskrift 8. januar 2016 nr. 12 om forvaltning av hjortevilt § 5 og § 6.

§ 1 Opning av jakt

Det er høve til jakt på hjort og rådyr i Hjelmeland kommune.

§ 2 Minsteareal for hjort og rådyr

Minsteareal for godkjenning av vald og fellingsløyve for jakt på hjort og rådyr i Hjelmeland kommune er:

Hjort minsteareal dekar	Rådyr minsteareal dekar
750	500

§ 3 Fellingsavgift for hjort

Fellingsavgift blir kravd inn etter forskrift 15. mai 2011 nr. 537 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 6, jf. viltressurslova § 9 fjerde ledd. Satsar for fellingsavgift blir sett til maksimal sats for fellingsavgift gitt i Stortinget sitt budsjettvedtak.

§ 4 Ikraftsetting

Forskrifta trer i kraft 1. juli 2026, og opphevar frå same tid Forskrift om opning av jakt for hjort og rådyr, og fastsetting av minsteareal, Hjelmeland kommune, Rogaland - FOR-2025-03-18-497

065/26: Høyring - søknad om ny konsesjon for uttak av vatn i Hetlandsvatnet

Forslag til vedtak

Hjelmeland kommune er positiv til ei justering av reguleringsregime for Hetlandsvatnet som omsøkt frå Fister Smolt. Så langt ein kan sjå vil fordelene vera større enn ulempene.

19.05.2026 Areal- og forvaltningsutvalet

Behandling:

Røysting

Forslag samrøystes vedteken.

AFU - 040/26 Vedtak:

Hjelmeland kommune er positiv til ei justering av reguleringsregime for Hetlandsvatnet som omsøkt frå Fister Smolt. Så langt ein kan sjå vil fordelene vera større enn ulempene.

20.05.2026 Formannskapet

Behandling:

Tilleggsforslag, foreslått av Dagfinn Svadberg Hatløy, Senterpartiet

1. Hjelmeland kommune er positiv til ei justering av reguleringsregime for Hetlandsvatnet som omsøkt frå Fister Smolt. Så langt ein kan sjå vil fordelene vera større enn ulempene.
2. Hjelmeland kommune viser til at Fister Smolt AS i tidligare konsesjon frå NVE er pålagt å fjerna to fiskesperrer nederst i Fisteråna slik at det ikkje er noko som hindrar oppgang av laks og sjøaure.
 - Hjelmeland kommune meiner det er avgjerande viktig at fiskesperre/vandringshinder i Fisteråna nede ved Fisterfjorden blir gjennomført fjerna. Alt ligg til rette for dette med bakgrunn i den avtala som er inngått mellom grunneigar på gnr 74, bnr 2, og Fister Smolt 04.07.25 (vedlegg 17 i konsesjonssøknaden)
3. Hjelmeland kommune forventar at vandringshinder lenge opp i Fisteråna, to kulvertar som går under fylkeskommunal veg, blir utbetra av ansvarleg Rogaland fylkeskommune

Røysting:

Endringsforslag frå Hatløy (SP):

Pkt 1(Tilsvarande opprinneleg forslag): Samrøystes vedteke

Pkt 2: Falt mot 5 røyster (H, AP, Kleppa og Riskedal (SP) stemte imot)

FSK - 065/26 Vedtak:

Hjelmeland kommune er positiv til ei justering av reguleringsregime for Hetlandsvatnet som omsøkt frå Fister Smolt. Så langt ein kan sjå vil fordelene vera større enn ulempene.

066/26: Nedklassing av kommunale vegar

Forslag til vedtak

1. Formannskapet vedtek følgande prinsipp for nedklassing av kommunal veg til privat veg:
 - a. Vegar som tenar eit befolkningsgrunnlag på fem eller færre heilårsboligar, inkludert våningshus til gardar, skal nedklassast til privat veg
 - b. Om vegen leiar til offentlege føremål eller ålmenne interesser slik som kai eller offentleg vedlikehalden parkering for friluftsføremål, kan han ikkje nedklassast utanom dei delane av vegen som ikkje tener slike føremål og interesser
 - c. Vegar som tener til gjennomkøyring til annan offentleg veg, anten gjennomkøyringa er permanent eller ved høve kan ikkje nedklassast
 - d. Vegen blir overlevera som han er
 - e. Kommunen tek som hovudregel ikkje vegen tilbake i kommunalt eige om antal heilårsboligar seinare aukar
 - f. Kommunen beheld i utgangspunktet eigedomsrett til vegareal. I kvar einskilde sak skal det vurderast om eigedomsrett til veggrunn, grøfter og innrettingar som er naudsynte av omsyn til trafikksikring eller vedlikehald skal overførast. Der det er naudsynt med slik overføring til privat aktør, skal kommunen ikkje krevja vederlag for overføringa

2. Vegane som det framgår av vedlegget har fem eller færre heilårsboligar blir lagt ut for offentlig høyring i seks veker med føremål å få innspel og motsegn frå råka parter innan endeleg avgjersle blir tatt
3. Kommunedirektøren kjem attende til Formannskapet med ny sak for endeleg avgjersle etter at høyringsrunda er over

20.05.2026 Formannskapet

Behandling:

Vedtatte retningslinjer (til info), foreslått av Anita Husøy Riskedal, Senterpartiet

- Vegen fører ikkje til område for allmenn ferdsel
- Det er mindre enn 4 bustadhus knytt til vegen. Bustadhus på gard skal kunne reknast med i dette talet
- Vegen er mindre enn 1500 m lang. Dersom vegen er lett å halde og ligg i eit klimatisk gunstig område, kan vegar inntil 2000 m vurderast
- Vegen er i hovudsak nytta til hytte- og fritidsbustad
- Vegen er i hovudsak nytta til framføring av skogsvirke
- Vegen er i hovudsak tilkomstveg for privat næringsverksemd. Større næringsområde er unnatatt.

Endringsforslag, foreslått av Anita Husøy Riskedal, Senterpartiet

1. Formannskapet går vidare med gjeldande retningslinjer for nedklassifisering av kommunale vegar, sist revidert 2016.
2. Vegane som kjem inn under føringane i desse retningslinjene blir lagt ut for offentlig høyring i seks veker med føremål å få innspel og motsegn frå råka parter innan endeleg avgjersle blir tatt
3. Kommunedirektøren kjem attende til Formannskapet med ny sak for endeleg avgjersle etter at høyringsrunda er over

Bompengar, foreslått av Arthur Fjeldheim Egeland, Senterpartiet

1. Formannskapet ber om at kommunedirektøren legg fram eit punkt som omhandlar kostnad ved bompengar på kommunale vegar.
2. Formannskapet ber om at kommunedirektøren legg fram ei liste med dei vegane som vart nedklassa i 2016

Halsne (KrF), Soppeland (H), Hatløy og Egeland (SP) reiste spørsmål om sin habilitet. Saka vart ansett som prinsipiell på eit overordna nivå, så dei vart røysta gilde og fekk delta i behandlinga av saka.

Røysting:

Tilleggsforslag frå Egeland (SP): Samrøystes vedteke

Endringsforslag fra A. Riskedal (SP) med vedtekne endringar: Samrøystes vedteke

1. Formannskapet går vidare med gjeldande retningslinjer for nedklassifisering av kommunale vegar, sist revidert 2016.
2. Vegane som kjem inn under føringane i desse retningslinjene blir lagt ut for offentlig høyring i seks veker med føremål å få innspel og motsegn frå råka parter innan endeleg avgjersle blir tatt
3. Kommunedirektøren kjem attende til Formannskapet med ny sak for endeleg avgjersle etter at høyringsrunda er over

Tillegg:

1. Formannskapet ber om at kommunedirektøren legg fram eit punkt som omhandlar kostnad ved bompengar på kommunale vegar.

Formannskapet ber om at kommunedirektøren legg fram ei liste med dei vegane som vart nedklassa i 2016

067/26: Modernisering av eigarskapsstrukturen i Lyse AS

Forslag til vedtak

1. Hjelmeland kommunestyre sluttar seg til endringer av Lyse AS sine vedtekter slik dei ligg føre av sakens vedlegg 3.
2. Hjelmeland kommunestyre sluttar seg til at eirgakontakten moderniserast med implementering av nytt årshjul og rammene for representasjon i utvida eigarmøte

20.05.2026 Formannskapet

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 067/26 Vedtak:

1. Hjelmeland kommunestyre sluttar seg til endringer av Lyse AS sine vedtekter slik dei ligg føre av sakens vedlegg 3.
2. Hjelmeland kommunestyre sluttar seg til at eirgakontakten moderniserast med implementering av nytt årshjul og rammene for representasjon i utvida eigarmøte.

068/26: Vidareføring av unytta investeringsmidlar

Forslag til vedtak

Kommunestyret godkjenner vidareføring av investeringar i prosjekt frå 2025 til 2026 slik dei er lista opp i vedlegg til saka. Ubrukte lånemiddel på 38 409 044 kroner blir disponerte til dette.

1. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføra nødvendige budsjettjusteringar i samsvar med vedtak.

20.05.2026 Formannskapet

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 068/26 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner vidareføring av investeringar i prosjekt frå 2025 til 2026 slik dei er lista opp i vedlegg til saka. Ubrukte lånemiddel på 38 409 044 kroner blir disponerte til dette.

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføra nødvendige budsjettjusteringar i samsvar med vedtak.

069/26: Sal av Eikehaugen 16, tidlegare Fister eldresenter

Forslag til vedtak

Kommunedirektøren blir gjeven fullmakt til å selja Eikehaugen 14 på den opne marknaden.

20.05.2026 Formannskapet

Behandling:

Forslag til vedtak frå kommunedirektøren vart korrigert frå å omfatta Eikehaugen 14 til å omfatta heile eigedommen gnr/bnr 74/51.

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 069/26 Vedtak:

Kommunedirektøren blir gjeven fullmakt til å selja Eikehaugen gnr/bnr 74/51 på den opne marknaden.

070/26: Søknad om vidare støtte til prosjekt for kartlegging av næringsareal - New Kaupang

Forslag til vedtak

1. Hjelmeland kommune gir eit tilskot på kr 50 000 til New Kaupang AS til fase 2 av prosjekt for kartlegging av næringsareal
2. Følgande tiltak skal prioriterast å greia ut:

- a. Ny veg Viganeset
 - b. RS9 – masseuttak Årdal
 - c. Fjellhall ved RS9 – Årdal
 - d. Fortetting Viganeset
3. Tilskotet blir dekket av ansvar 1002 - "Næring" 14.700 "Overføring til andre"

20.05.2026 Formannskapet

Inhabil	Varamedlem	Merknad
Anna Lena Kleppa	Frode Riskedal	Kjem kl 15:30

Behandling:

Endringsforslag, foreslått av Arthur Fieldheim Egeland, Senterpartiet

1. Hjelmeland kommune gir eit tilskot på kr 50 000 til New Kaupang AS til fase 2 av prosjekt for kartlegging av næringsareal
2. Følgande tiltak skal prioriterast å greia ut:
 - a. Ny veg Viganeset
 - b. Fortetting Viganeset og Melsøyane
 - c. RS9 – masseuttak Årdal
 - d. Fjellhall ved RS9 – Årdal
3. Tilskotet blir dekket av ansvar 1002 - "Næring" 14.700 "Overføring til andre"

Anna Lena Kleppa (SP) reiste spørsmål om sin habilitet i sak 070/26. Ho vart røysta ugild (samrøystes) og Frode Riskedal møtte som vara.

Dagfunn Svadberg Hatløy (Sp) reiste spørsmål om sin habilitet i sak 070/26. Han vart røysta gild (samrøystes) og fekk delta i behandlinga av saka.

Røysting:

Endringsforslag frå Egeland (SP) - endra prioriteringsrekkefølge: Samrøystes vedteke

FSK - 070/26 Vedtak:

1. Hjelmeland kommune gir eit tilskot på kr 50 000 til New Kaupang AS til fase 2 av prosjekt for kartlegging av næringsareal
2. Følgande tiltak skal prioriterast å greia ut:
 - a. Ny veg Viganeset
 - b. Fortetting Viganeset og Melsøyane
 - c. RS9 – masseuttak Årdal
 - d. Fjellhall ved RS9 – Årdal
3. Tilskotet blir dekket av ansvar 1002 - "Næring" 14.700 "Overføring til andre"

Forslag til vedtak

Årsmeldinga vert teken til orientering.

20.05.2026 Formannskapet

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 071/26 **Vedtak:**

Årsmeldinga vert teken til orientering.

072/26: Årsmelding og rekneskap 2025 - Uttale frå kontrollutvalet**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tilrår at Hjelmeland kommune sitt årsrekneskap og årsmelding for 2025 blir godkjend.

20.05.2026 Formannskapet

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 072/26 **Vedtak:**

Kontrollutvalet tilrår at Hjelmeland kommune sitt årsrekneskap og årsmelding for 2025 blir godkjend.

073/26: Årsmelding og årsrekneskap 2025**Forslag til vedtak**

Kommunestyret godkjenner den framlagde årsmeldinga og årsrekneskapet 2025 for Hjelmeland kommune.

20.05.2026 Formannskapet

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 073/26 **Vedtak:**

Årsmelding og rekneskap for Hjelmeland kommune 2025 vert godkjent.

074/26: Orienteringssak Folkehelserapporten løpende oversikt 2026**Forslag til vedtak**

Folkehelserapporten vert teken til orientering.

20.05.2026 Formannskapet

Behandling:**Røysting:**

Samrøystes vedteke

FSK - 074/26 **Vedtak:**

Folkehelserapporten vert teken til orientering.

075/26: Orientering industrikai Årdal - Mai 2026**Forslag til vedtak**

Saka vert tatt til orientering

20.05.2026 Formannskapet

Behandling:**Røysting:**

Samrøystes vedteke

FSK - 075/26 **Vedtak:**

Saka vert tatt til orientering.